



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

## Pressemelding

---

Dato: 10. juni 2013

### **1,3 million kroner til Lokal samfunnsutvikling i Møre og Romsdal**

**Møre og Romsdal fylkeskommune skal sette systematisk og heilskapleg utviklingsarbeid på dagsorden i alle kommunar.**

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

#### **Møre og Romsdal fylkeskommune skal:**

- Utvikle og gjennomføre utdanning i plan og prosessleiing/prosjektutvikling for kommunane.
- Styrkje kompetansen i kommunane for å betre integrere innvandrarak som er her for å arbeide.
- Utvikle eit tilbod om etableraropplæring for innvandrarak som kjem for å arbeide.
- Gjennomføre plan, prosess - og prosjekttrettleiing i kommunane knytt til lokalt - og regionalt utviklingsarbeid i Nordmøre, Romsdal, og Sunnmøre.
- Følgje fagleg opp utviklingsprosjekt i kommunane.
- Gjennomføre ei fylkeskommunal tilskotsordning der kommunane kan søke om tilskot til utviklingsarbeid.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00